



Tilleggsinnkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 21.11.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Pleie- og omsorgsleiar Margrethe Kvamme vil gje ei orientering om status i sektoren

Økonomisjef Magne Verpelstad vil i møtet gje opplæring i kommunal økonomi for kommunestyret

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
066/2019	Val av medlemer til felles sakkunnig nemnd og overtakstnemnd for Modalen kommune og Masfjorden kommune - valperioden 2019 - 2023

18. november 2019

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
066/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Val av medlemmer til felles sakkunnig nemnd og overtakstnemnd for Modalen kommune og Masfjorden kommune - valperioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Medlemmer til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt for valperioden er:

Audun Eidsnes – leiar

Britt Farestveit - varamedlem

Medlemmer til overtakstnemnd for eigedomsskatt for valperioden er:

Hallgeir Neset – medlem

Heidi Dale - varamedlem

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 8 A-3 (2) fastslår at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Kommune skal dekke kostnadane ved taksering og kommunestyret skal utnemne dei personane som skal stå for takseringa. Dette kan gjerast ved å utnemne dei personane som skal stå for takseringa ved behov, eller så kan kommunestyret utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmenn, jf § 8 A3 (4).

Masfjorden og Modalen kommunar har i april 2016 vedteke likelydande takstvedteker for sakkunnig nemnd og klagenemnd for eigedomsskatt. Det er vidare lagt opp til å velje felles sakkunnige nemnder til å gjennomføre takseringa i begge kommunane.

Eigedomsskattelova § 21 slår fast at formannskapsmedlemmer ikkje kan vere med i eigedomsskattenemnder. Dette gjeld både faste medlemmer og varamedlemmer. Takstvedtektene slår fast at dei som er valbare og pliktige til å ta i mot val til kommunestyret og er valbare som medlem til takstnemndene. Takstnemnder er rekna som eit fast utval etter kommunelova § 10 og det er reglane om val av nemnder som gjeld for desse utvala. Masfjorden og Modalen kommunar har gjort likelydande vedtak om val av medlemmer til felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd for eigedomsskatt. I saksførebuinga til takstvedtektene vart det avtalt at det skulle veljast to medlemmer med personleg vara frå Masfjorden kommune og eitt medlem med personleg vara frå Modalen kommune til kvar av nemndene.

Frå Modalen kommune er følgjande personar foreslått vald:

Medlemmer i sakkunnig nemnd:

Audun Eidsnes – leiar

Britt Farestveit - varamedlem

Medlemmer i overtakstnemnd/klagenemnd:

Hallgeir Neset – medlem

Heidi Dale - varamedlem

Vurdering

Medlemmer i felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd for eigedomsskatt vart valde midt i sist valperiode og har knapt kome i gang med arbeidet. Rådmannen meiner at desse utvala har fått mykje opplæring i kva arbeid dei skal gjere og flest mogleg bør difor sitte i sine verv og i komande valperiode. For å ha kjønnsmessig balanse i val av medlemmer er det foreslått å velje Heidi Dale som varamedlem i overtakstnemnd/klagenemnd i staden for Anders Brørvik som har vore varamedlem i førre periode.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune vel dei føreslegne medlemmer og varamedlemmer til felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd/overtakstnemnd for eigedomsskatt for valperioden 2019 - 2023.